




Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200807441-6/60/PMEK


Dykkar ref.:
2007/05668 KU/KU2


Bergen, 17. september 2008

Evaluering av ABM-utvikling. Oversending av høyringsfråsegn

Me viser til brev dagsett 2. juli 2008 og legg ved saksutgreiing og vedtak i saka frå handsaming i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 27. august 2008.

Med venleg helsing,


Ronny Skaar
Konst. fylkeskultursjef


Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Kopi: Miljøverndepartementet
Riksantikvaren
ABM utvikling



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200807441
Arkivnr. 60
Sakshandsamar Ekerhovd, Per Morten

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	19.08.08	86/08
Fylkesutvalet	27.08.08	188/08

EVALUERING AV ABM UTVIKLING - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 19.08.08

Det var 12 representantar til stades.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet finn at evalueringa i for liten grad ser på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått og at utvalet av informantar er for smalt til å gje eit dekkande bilete av endringane innanfor ABM-feltet. .
- 2 Fylkesutvalet meiner at evalueringa av ABMU avdekkar at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunane mindre.
- 3 Fylkesutvalet bed om at Kultur- og kyrkjedepartementet set i gong arbeid med å gjere regionale folkevalde organ ansvarlege for ivareta viktige forvaltingsfunksjonar som i dag vert gjort i ABMU og at det vert utvikla modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
- 4 Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få attende handlingsrommet til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen kan ha eit samlande grep om museumspolitikken.
- 5 Fylkesutvalet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane.

Fylkesutvalet 27.08.08

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet finn at evalueringa i for liten grad ser på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått og at utvalet av informantar er for smalt til å gje eit dekkjande bilete av endringane innanfor ABM-feltet.
2. Fylkesutvalet meiner at evalueringa av ABMU avdekkjer at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunane mindre.
3. Fylkesutvalet ber om at Kultur- og kyrkjedepartementet set i gong arbeid med å gjere regionale folkevalde organ ansvarlege for å ivareta viktige forvaltingsfunksjonar som i dag vert gjort i ABMU og at det vert utvikla modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
4. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få attende handlingsrommet til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen kan ha eit samlande grep om museumspolitikken.
5. Fylkesutvalet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponerte av ABM-utvikling, vert førde over til fylkeskommunane.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 28. august 2008

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Miland Betteken

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Kultur- og ressursutvalet	19.08.08	86/08	
Fylkesutvalet	27.08.08	188/08	

Evaluering av ABM utvikling - fråsegn

Kultur- og ressursutvalet 19.08.08

Det var 12 representantar til stades.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet finn at evalueringa i for liten grad ser på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått og at utvalet av informantar er for smalt til å gje eit dekkande bilete av endringane innanfor ABM-feltet.
- 2 Fylkesutvalet meiner at evalueringa av ABMU avdekkar at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunane mindre.
- 3 Fylkesutvalet bed om at Kultur- og kyrkjedepartementet set i gong arbeid med å gjere regionale folkevalde organ ansvarlege for ivareta viktige forvaltingsfunksjonar som i dag vert gjort i ABMU og at det vert utvikla modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
- 4 Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få attende handlingsrommet til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen kan ha eit samlande grep om museumspolitikken.
- 5 Fylkesutvalet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane.



Arkivsak 200807441-2
Arkivnr. 60
Saksh. Ekerhovd, Per Morten, Ornholt, Ruth, Nysæther, Egil

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	19.08.2008
Fylkesutvalet	27 08.2008

EVALUERING AV ABM UTVIKLING - FRÅSEGN


SAMANDRAG

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet har Direktoratet for forvaltning og IKT gjort ei evaluering av ABM-utvikling – statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABMU). Arkiv, bibliotek og museumsfeltet har vore i endring dei seinare åra. Hordaland fylkeskommune ser høyringa som eit godt høve til å gje fråsegn om dei delane ved ABMU som kjem i nærføring med fylkeskommunen sine ansvarsområde og dessutan grip inn i utforminga av regional politikk.

FORSLAG TIL INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet finn at evalueringa i for liten grad ser på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått og at utvalet av informantar er for smalt til å gje eit dekkande bilete av endringane innanfor ABM-feltet. .
- 2 Fylkesutvalet meiner at evalueringa av ABMU avdekkjer at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunane mindre.
- 3 Fylkesutvalet bed om at Kultur- og kyrkjedepartementet set i gong arbeid med å gjere regionale folkevalde organ ansvarlege for ivareta viktige forvaltingsfunksjonar som i dag vert gjort i ABMU og at det vert utvikla modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
- 4 Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få attende handlingsrommet til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen kan ha eit samlande grep om museumspolitikken.
- 5 Fylkesutvalet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane


Paul M. Nilsen


Romy B. Skaar

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet har Direktoratet for forvaltning og IKT gjort ei evaluering av ABM-utvikling – statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABMU).

www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/hoeringer.html?id=1958

Evalueringa er sendt ut på høyring med frist 1. september. Hordaland fylkeskommune ser dette som eit godt høve til å gje fråsegn om dei delane ved ABMU som kjem i nærføring med fylkeskommunen sine ansvarsområde og dessutan grip inn i utforminga av regional politikk.

Evalueringa

Evalueringa er eit grundig stykke arbeid som undersøker korleis ABMU har sett i verk og gjennomført dei kulturpolitiske målsettingane og faglege intensjonane som låg til grunn for institusjonen i ABM-meldinga, innstilling frå Stortinget og i vedtektene. Evalueringa avdekkjer korleis ABMU har arbeidd som strategisk utviklingsorgan og som forvaltingsorgan.

Me er samde med mandat og opplegg for evalueringa som rører ved viktige felt for regional forvaltning. Diverre ser ein at utvalet av informantar er smalt. Som samarbeidspartnarar er naturleg nok nemnt fylkeskommunane og kommunane: *"Fylkeskommunen administrasjon ved ansvarlige for arkiv, bibliotek og museum. Alle fylker og de fleste kommunene har tilskuddsansvar for museer."* Her er fylke og kommunar som folkevald politisk nivå utelate.

Vidare er ingen fylkeskommunale eller kommunale brukarar eller samarbeidspartnarar intervjuet. Det er uheldig og fører til at ein ikkje har fått fram kritiske merknader til bruken av ABMU som instrument og forvaltningsorgan for styrking av statleg kulturpolitikk med svekking av den regionale kulturpolitikken som resultat. Evalueringa sine konklusjonar byggjer dermed for ein stor del på ei undersøking blant brukarar og samarbeidspartnarar på nasjonalt nivå og vert ikkje representativ for dei om lag 1000 brukarane som ABM-utvikling er til for. Dette kjem t.d. til uttrykk i undersøkinga ved at evalueringa har få tilbakemeldingar på korleis brukarane ser på ABMU som rådgjevar.

Fylkeskommune og stat

Innanfor mange delar av kulturpolitikken er det dei seinare åra skjedd ei aukande sentralisering. Fylkeskommunane si styrke har tradisjonelt vore å kunne sjå ulike sektorar i samanheng og ta heilskapelege omsyn i politikikutforming og saksbehandling. Evalueringa av ABMU rører her ved eit sentralt politisk tema: det regionale nivået si stilling og status. Skal folkevalde politiske organ ha sjølvstendig ansvar for utforming av regional politikk, eller skal oppgåvene som utførast regionalt vere reine sekretariatoppgåver styrte av sentrale styresmaktar, ofte med liten eller ingen folkevald påverknad?

I kulturpolitikken, og spesielt på ABM feltet, har det vore eit etter måten tett samarbeid mellom staten og fylkeskommunane. Fylkeskommunane har hatt ei sentral stilling og har etter kvart som dei har opparbeidd erfaring og kompetanse, sett fram ynskje i høve staten om å få overta fleire oppgåver.

Status er likevel at staten set seg i førarsetet på fleire felt. Dei seinare åra er det regionale nivået fråteke oppgåver og posisjonar og er under detaljstyring frå staten på felt nivået er i stand til å meistra sjølv innanfor statlege rammer og med grunnlag i regionale behov og føresetnader. Denne saka peikar på døme frå arkiv, bibliotek og museumsfeltet.

Evalueringa manglar diverre ei vurdering av dei kulturpolitiske konsekvensane av opprettinga av ABMU og det arbeidet organet har utført. Ved å avgrensa evalueringa berre til ABMU har ein ikkje fått undersøkt tendensar til overføring av makt og mynde frå lokalt og regionalt til sentralt nivå innan saksområdet. Dette gjeld særleg museumsfeltet der fylkeskommunane tradisjonelt har spela ei stor og viktig rolle både forvaltningsmessig og politisk. Evalueringa fokuserer i stor grad på den statlege styringa av ABM feltet. Det vert i alt for liten grad vurdert korleis t.d. fylkeskommunen kan ivareta sentrale oppgåver i utøving av sentral politikk.

For fylkeskommunen har arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet vore viktig som kulturminneforvaltning i brei tyding og å sjå felte i samanheng. Slik vert det skapt synergjar som aukar folk sitt medvit og styrkjer kulturell identitet. Fylkeskommunane har sett dette som eit viktig felt for regional og lokal politikk. Det har skapt sterkare interesse for vår felles kulturarv, og har ført til sterkare engasjement også hjå friviljuge organisasjonar. Denne utviklinga meiner vi det er viktig å støtte opp om.

Forvaltning og utvikling

Frå starten var det klart at ABMU ville bli tillagt både forvaltings- og utviklingsoppgåver. Både i ABM-meldinga, innstilling frå Stortinget og i institusjonen sine vedtekter vart likevel vekt lagt på rolla som utviklingsaktør. Målgruppa sine forventningar speglar dette og evalueringa peikar og på at merksemda i ABMU primært er retta inn på utviklingsarbeid. Dette har som evalueringa peikar på ført til eit fagleg løft innanfor heile sektoren.

Tilhøvet mellom forvaltning og utvikling er likevel eit nøkkelpunkt i gjennomføringa av ein offensiv politikk på ABM feltet. Evalueringa gjer interessante vurderinga av tilhøvet mellom dei to:

"Samtidig råder det en oppfatning av at virksomheten har fått seg pålagt for mange forvaltningsoppgaver, og langt flere enn intensjonen var...Arbeid med forvaltningsoppgavene bør synliggjøres bedre gjennom konkret rapportering og statistikk om innhold og omfang. Bare ved å synliggjøre arbeidet kan det argumenteres med mer ressurser til gjennomføringa, eller med å få andre til å overta oppgavene". (s56)

Hordaland fylkeskommune ser at evalueringa avdekkjer trongen for betre balanse mellom ABMU som ein sentral aktør som tek tak i dei store felles oppgåvene med utgangspunkt i ein nasjonal politikk, og utvikling av ABM-funksjonar på regionalt og lokalt nivå i tråd med politiske føringar på desse nivåa. Fylkeskommunane har høg kompetanse på regionalt ABM-arbeid i nært samarbeid med lokale, regionale og statlege aktørar. Slik sett realiserer fylkeskommunane, på lik line med statlege forvaltning, viktige målsettingar i den samla nasjonale kulturpolitikken.

Ein ny organisatorisk struktur på ABM feltet må ta inn over seg at kunnskap og kompetanse er spreidd over heile landet. Me ser at evalueringa kunne gått inn ei djupare drøfting av temaet. I motsetnad til å gjere ABM større og få fleire oppgåver vil ein konsekvens av evalueringa vere at ein satsa på oppbygging av ABM-kompetanse i regionane. Fylkeskommunane står her godt rusta til å ivareta sentrale forvaltningsoppgåver.

Bibliotek

ABMU har teke initiativ til og støtta mange viktige prosjekt innan dei enkelte sektorane og i samarbeid. Det må likevel kunne stillast spørsmål ved at ABMU har bestemt at fordeling av virkemidlar berre skal understøtte dei satsingsområda som er prioritert i verksemda sitt strategidokument. Fordeling av midlar har ikkje samanheng med vedteken nasjonal og regional politikk, dersom denne politikken ikkje er fanga opp i ABMU sine strategiar.

I følgje §11 i Biblioteklova skal fylkeskommunen gje uttale vedrørande fordeling av statleg midlar. Statens bibliotektilsyn, som gjekk inn i ABMU frå 2003, brukte fylkesbiblioteka i handsaming av prosjektmidlar til kommunane. På den måten var det mogleg å få til større prosjekt, som hadde samanheng med lokal- og regional bibliotekpolitikk. ABMU har oversett denne paragrafen i Biblioteklova. Dette er ikkje omtala i evalueringa.

Fleire fylkeskommunar og kommunar har politiske planar for utvikling av dei einskilde sektorane. T.d. blei den fjerde fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland fylkeskommune vedteken av fylkestinget 11.desember 2007. Hordaland fylkeskommune meiner at tildeling av statlege prosjektmidlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedtatt regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunen.

Dei motstridande synspunkta som kjem fram i spørjeundersøkinga sitt kapittel om utvikling av digitalt innhald og tenester (s.54), syner at ABM-utvikling manglar forankring i ein nasjonal politikk. ABM-utvikling har heller ikkje greidd å fange opp det som blir gjort regionalt på dette området.

I dag spreier ABM-utvikling engasjementet sitt over svært mange utviklingsoppgåver. Det er også eit problem å få til driftsmodellar for vellukka prosjekt eller at ABM-utvikling bruker ressursar på drift, som t.d. på å forhandle fram lisensavtalar (s.28), sjølv om det i rapporten blir argumentert for at det er ein nøytral instans som bør utføre dette arbeidet (s.63).

Fylkesbiblioteka har eit svært godt oversyn over statusen og behov for bibliotektenester i kvart fylke. Ein burde i evalueringsarbeidet nytta fylkesbiblioteka sine kunnskapar som ressurs. Fylkesbiblioteka kan også spele ei viktig rolle som eit koordinerande ledd mellom dei ulike bibliotekinstitusjonane i fylket i tillegg til å vere ein regional utviklingsaktør på bibliotekfeltet.

Arkiv

Arkiva utgjer ein særskild viktig og grunnleggjande del av vårt nasjonale minne og dermed kulturarv. Mange kommunar og fylkeskommunar har i seinare år vist vilje til sjølve å få i stand interkommunale arkiv og fylkesarkiv. Med relativt små midlar har desse arkivinstitusjonane fått gjort imponerende mykje. Likevel er arkivsektoren den dårlegast utbygde sektoren av dei tre såkalla ABM-sektorane arkiv, bibliotek og museum. Me ser at evalueringa kunne drøfta dette vidare.

Musea

Dei siste tiåra har museumspolitikken vore prega av eit stort og aukande offentleg engasjement. Fylkeskommunane har vore sentrale i dette, og musea kom sterkt med då dei såkalla halvoffentlege musea fekk ny finansieringsordning i 1975. For musea var ordninga starten på ein prosess med fagleg styrking og profesjonalisering. Berre eit fåtal muse hadde fast tilsette før 1975, då Stortinget etablerte den offentlege tilskotsordninga for musea og let fylkeskommunane ha ei samlande hand om museumspolitikken. Fylkeskommunane har forvalta statstilskotet og har gjennom bruk av eigne midlar utvikla ein sjølvstendig museumspolitikk og gjort prioriteringar i eigne museumsplanar. Frå Hordaland fylkeskommune si side er dette resultat av eit medvite ønskje om å oppretthalde og gradvis forbetre vilkåra for musea.

I 2000 vart den nasjonale museumsreforma vedteken av Stortinget (St. melding nr. 22 (1999-2000)). Reforma tok sikte på å få til eit betre museumstilbod til alle innbyggjarane i Noreg. Ei av strategiane ein valde var å samle dei museale ressursane for å skape større og meir robuste einingar med stor fagleg breidd. I Hordaland fann ein før reforma nær 100 ulike museum og samlingar med og utan offentlege tilskot. Etter reforma er dei fleste av desse gått saman i ni konsoliderte einingar (Museumssenteret i Hordaland, Kunstmuseene i Bergen, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Hardanger og Voss museum, Sunnhordland museum, Sjøfartsmuseet, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum og Baroniet i Rosendal).

Konsolideringsprosessen hadde fleire målsettingar. Statleg og fylkeskommunal politikk var sameint i målet om å profesjonalisere og styrkje museumsfeltet i regionen slik at innbyggjarane i Hordaland samle fekk eit så godt museumstilbod som mogeleg. Strategien var å byggje færre og sterkare einingar og å byggje tettare samarbeidsrelasjonar så vel musea i mellom, som mellom musea- og arkiv og bibliotekssektoren. Gjennom å styrke musea var intensjonen å betre kulturfeltet i vid forstand og dermed styrke regionen. Konsolideringa var godt fundert i ei rad statlege og fylkeskommunale planar og dokument.

I statsbudsjettet for 2004 vart den offentlege tilskotsordninga for musea avvikla i si dåverande form og staten bygde sjølv opp eit "museumsdirektorat" (ABMU) som fordeler statleg støtte og utarbeider statlege føringar direkte til musa, med krav om direkte tilbakerapportering. I 2008 er det 66 tilsette i dette organet. Parallelt med oppbygginga av ABMU er dei fylkeskommunale oppgåvene på feltet reduserte sjølv om ABMU forventar at fylkeskommunane skal vere kontaktorgan og ein tilretteleggjar i tilhøvet mellom ABMU og musea. I mange høve er dette reine sekretariatsoppgåver. I Kulturmeldinga (St. meld. Nr. 48 2002-2003): *"ABM-utvikling er den operative aktøren på statleg side og har etablert omfattande kontaktar med museumsmiljøet over heile landet."*

Evalueringa ser i liten grad på korleis arbeidet i ABMU har påverke regional museumspolitikk og forvaltning. Frå sentrale organ vert det teke for gitt at det store fylkeskommunale tilskotet, som er eit resultat av ein sjølvstendig fylkeskommunal museumspolitikk, skal oppretthaldast. ABMU legg opp til

såkalte budsjettmøte med fylkeskommunane. Her skal fylkeskommunale synspunkt på prioritering av museale reformmidlar for statsbudsjetta få koma til uttrykk. Men eit fylkeskommunalt innspel er bare ein av mange faktorar i grunnlaget for statlege avgjerder. Det vert forventa at vi legg ned mykje arbeid for å få fram prioriteringane våre, men vi har ingen garanti for at vi vil bli høyrde.

Konklusjonen må dermed bli at fylkeskommunane ikkje lenger har noko samlande grep om museumspolitikken, og feltet står i fare for å falla ut av det regional- og lokalpolitiske fokus. Slik kan det sterke regionalpolitiske "eigarforholdet" til museumsfeltet forvitra. Me ser det som ei mangel at evalueringa ikkje har drøfta dette tydelegare.

Like sidan den offentlege tilskotsordninga for museum vart innført i 1975 har fylkeskommunen spela ei sentral rolle i arbeidet med drift og finansiering av musea. Fylkeskommunane har lojalt fylgd opp statleg politikk, og har koordinert arbeidet med planlegging og økonomi. Fylkeskommunane har og koordinert samarbeidet mellom musea og mellom vertskommunane, andre fylkeskommunar og staten. Dei siste åra har fylkeskommunane vore aktive pådrivarar i arbeidet med konsolideringsprosessen. Det har ikkje minst dei siste åra vist seg at det nettopp er i spenningsfeltet og samordninga av nasjonal, regional og lokal politikk at det har vore mogeleg å få til det løftet som vesentlege deler av musea i Hordaland no er inne i.

I det vidare arbeidet med oppfølging av evalueringa må staten sørge for at fylkeskommunane får ei tydeleg rolle, både gjennom statsbudsjettet og Kultur- og kyrkjedepartementet si vidare handsaming av feltet. Ei positiv utvikling på museumsrådet er best tent med at fylkeskommunane har hovudansvar for det museumspolitiske arbeidet på regionalt/lokalt nivå i samarbeid med kommunane og staten.

Avslutning

Evalueringa av ABMU avdekkjer at statleg styring blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold – til dels svært detaljerte instruksjonar som minskar handlingsromma og gjer fylkeskommunane snarare til sekretærar for statleg styring enn til sjølvstendige regionale politiske aktørar.

Det regionale nivået blir fráteke oppgåver, posisjonar og er under detaljstyring frå staten på felt nivået er i stand til å meistra sjølv innfor statlege rammer og med grunnlag i regionale behov og føresetnader. Regional fortolking og tilpassing av nasjonal politikk må leggjast til regionale folkevalde organ. Det folkevalde regional nivået må få langt større innverknad og vedtaksmakt på ABM området. Det må vera eit regionalt politisk ansvar å vege ulike omsyn og gjere den regionale prioriteringa og samordninga av ulike sektorinteresser. Det gjeld ikkje minst på ABM feltet.

For at ikkje ABM feltet skal falle ut av det regional- og lokalpolitiske fokus og den sterke regionalpolitiske eigarskapen forvitre, må planlegging, regionale styringsinstrument og økonomiske verkemiddel på feltet knytast saman på slik at regionen har frie midlar og ressursar til gjennomføring av regional politikk og forvalting. Det må vera samsvar mellom avgjerdsmynde og ansvar, oppgåver og økonomiske verkemiddel. Arbeidet med å føre over oppgåver og mynde til det folkevalde regionnivået er derfor sentralt for å gje like gode og helst betre resultat enn i dag. Berre på denne måten kan fylkeskommunen bli ein viktig forvaltar og samarbeidspartnar for kommunane på ABM-feltet.